

Kontrollutvalget i Forsand kommune

Møteinnkalling

Møtestad:	Møterom oppe
Dato:	16.09.2013
Tidspunkt:	Kl. 13.00
Møtenr:	2 / 2013

Til behandling:

Sak nr	Sakstittel
	Godkjenning av innkalling og sakliste
9/13	Godkjenning av protokoll frå møtet 29. april 2013
10/13	Orientering om tertialrapportering 30.04.2013
11/13	Førebuing til bestilling av ny forvaltningsrevisjon
12/13	Budsjett kontroll og tilsyn 2014 - Kontrollutvalet sitt budsjettforslag
13/13	Regnskapsoversikt kontroll og tilsyn pr 31. juli 2013
14/13	Forslag til møteplan for 2014
15/13	Statusoversikt september 2013
16/13	Eigenerklæring om revisor sin uavhengigheit
17/13	Orientering om overordna revisjonsstrategi 2014 Behandlas i lukka møte – KL § 31 nr 5 / offentleglova §24

Referatsaker/meldingar

Periode:	17.06.2013 - 16.09.2013	
Nr.	Arkivsak	Referatsakstittel
6/13	13/00100-5	Vedrørende besøk ved Forsand kommune den 12.04.2013

Vennligast meld eventuelt forfall snarast på telefon 51 33 65 90 evt.414 46 180 eller på e-post til postmottak.rks@sandnes.kommune.no.

Ved forfall blir varamedlemmer innkalla særskilt. Medlemmer som meiner seg inhabile, må gi melding om dette slik at varamedlemmer kan innkallast.

Evt. saker merket (*Unntatt offentlighet i medhald av off. l.*) sendes bare til medlemmer/varamedlemmer.

Forsand, 10.09.2013

Inger Anita Merkesdal
Leder av kontrollutvalget

Per Kåre Vatland
Sekretariatet

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og trenger ikkje signatur.

9/13 Godkjenning av protokoll frå møtet 29. april 2013

Arkivsak-dok. 13/00014-3
Arkivkode. 033
Saksbehandlar. Per Kåre Vatland

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Kontrollutvalet i Forsand	16.09.2013	9/13

Protokoll frå møtet den 29. april 2013 vart lagd fram for kontrollutvalet i Forsand til godkjenning, sjå vedlegg.

FORSLAG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet i Forsand godkjenner protokollen frå møte 29. april 2013.

SANDNES, 06.09.2013

Per Kåre Vatland
Seniorrådgivar

Vedlegg:

[Protokoll frå møte 29. april 2013.](#)

[Saksliste](#)

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og trenger ikkje signatur.

10/13 Orientering om tertialrapportering 30.04.2013

Arkivsak-dok. 13/00267-1
Arkivkode. 212
Saksbehandlar. Per Kåre Vatland

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Kontrollutvalet i Forsand	16.09.2013	10/13

Bakgrunn

Kontrollutvalet er ikkje med i sjølve behandlinga av økonomirapportane i løpet av året. Men for å halda seg orientert om utviklinga av den løpande drifta i kommune, får kontrollutvalet økonomirapportane framlagt til orientering.

Saksutgreiing

Vedlagt ligger økonomirapporten pr 30.04.2013, me visar til denne

Rådmann og økonomileiar er invitert til møtet for å orientere om rapporten.

FORSLAG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet i Forsand tek kommunen sin tertialrapport pr 30.04.2013 og rådmannens utgreiing i møtet til orientering.

SANDNES, 09.09.2013

Per Kåre Vatland
Seniorrådgivar

Vedlegg:

[Kommunens tertialrapport pr 30-04-2013.](#)

[Saksliste](#)

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og trenger ikkje signatur.

11/13 Førebuing til bestilling av ny forvaltningsrevisjon

Arkivsak-dok. 13/00266-1
 Arkivkode. 217
 Saksbehandlar. Per Kåre Vatland

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Kontrollutvalet i Forsand	16.09.2013	11/13

Bakgrunn

Kontrollutvalet har ansvar for å bestille forvaltningsrevisjonar i tråd med gjeldande plan for forvaltningsrevisjon og gjeldande budsjett. Kontrollutvalet har høve til å bestille ein rapport i løpet av eit år.

Den bestillinga kontrollutvalet no tek fatt på, skal gjennomførast i 2014.

Saksutgreiing

I følge plan for forvaltningsrevisjon har kontrollutvalet prioritert følgjande områder for forvaltningsrevisjon i perioden.

- *Vei, vann og avløp*
- *Pleie- og omsorg*
- *Kommunalt arkiv*
- *Teknisk Eigedomsforvaltning/vedlikehald*
- *ATO*
- *Henvendingar frå innbyggjarane*

Områda står ikkje i prioritert rekkefølge. I tillegg omfatta lista og barnevern, som er under arbeid og er forventa klart til møtet i november

Budsjettet for 2014 er ikkje vedteke enno, men revisor legg opp til ei budsjetttramme som vil gje rom for ein forvaltningsrevisjon òg nest år.

Når kontrollutvalet velgjer prosjekt er det og viktig at utvalet seier kva dei ønskjer å kontrollere ved revisjonen på området. Dette vert lagt til grunn når revisjonen skal lage utkast til mandat til neste møte.

Kontrollutvalet Må og i løpet av 2014 og 2015 gjennomføre den obligatoriske eigarskapskontrollen som ein etter vedteken plan for selskapskontroll må gjere ein gom i løpet av perioden. Kontrollutvalet har ein reservepost i budsjettet sitt, som er foreslått vidareført i 2014. Denne kan då brukast til å finansiere denne rapporten. Kontrollutvalet ber difor Rogaland Revisjon utarbeide eit utkast til mandat for obligatoriske eigarkontrollen i tråd med vedteken plan for selskapskontroll.

FORSLAG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet i Forsand vel bestille forvaltningsrevisjon på følgjande område:

- , kor ein legg vekt på:

Kontrollutvalet ber Rogaland Revisjon IKS på bakgrunn av dette utarbeide eit ukast til prosjektmandat til neste møtet (11.11.2013).

Kontrollutvalet ber og Rogaland Revisjon utarbeide eit utkast til mandat for obligatoriske eigarkontrollen i tråd med vedteken plan for selskapskontroll.

SANDNES, 25.06.2013

Per Kåre Vatland
Seniorrådgivar

[Saksliste](#)

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og trenger ikkje signatur.

12/13 Budsjett kontroll og tilsyn 2014 - Kontrollutvalet sitt budsjettforslag

Arkivsak-dok. 13/00162-2
 Arkivkode. 151
 Saksbehandlar. Per Kåre Vatland

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Kontrollutvalet i Forsand	16.09.2013	12/13

Bakgrunn

Forskrift om kontrollutvalg pålegg utvalet ansvar for å utarbeida budsjettforslag for kontroll- og tilsynsarbeidet i kommunen. Budsjettet skal omfatta alle utgifter til kontrollutvalets arbeid. Kontrollutvalet sitt budsjettvedtak skal i høve til forskrifta leggjast fram for kommunestyret i forbindelse med at kommunen sitt samla budsjett for 2014 skal vedtakst.

Kontrollutvalets ansvar for utarbeiding av eige budsjettforslag inneberer også eit ansvar for regnskap og regnskapsoppfølging.

Saksutgreiing

Forskrifta pålegg kommunen å ha eit kontrollutval, ei forsvarleg revisjonsordning og eit uavhengig sekretariat. Budsjettforslaget omfattar derfor i hovudsak berre lovpålagte oppgåver.

Budsjettforslaget er delt inn i 1 hovudpunkt: Utgifter til kontrollutvalet sitt arbeid(godtgjersle, kurs- og reiseutgifter m.m.) og kjøp av tenester frå sekretariatet og revisjonen.

Kontrollutvalets utgifter

Kontrollutvalets utgifter består av møtegodtgjersle til kontrollutvalets medlemmer, utgifter til kjøring/ transport, kurs m.m. Utvalets medlemskap i FKT høyrer også med her, dette er ei utgift som kjem så lenge kommunen er medlem.

I kontrollutvalet sitt budsjett for 2013 er godtgjering til politikarane sett for høgt. Derfor er godtgjeringa for 2014 redusert. Dei andre postane i kontrollutvalets budsjett er halde uendra frå i fjor.

Sekretariatets budsjettforslag:

Sekretariatet har fått ein del ekstra utgifter knytt til pensjon, då ein av våre tidlegare arbeidstakarar no er AFP-pensjonist. Dette merkes godt sidan sekretariatet berre har 3 tilsette. På tross av dette har sekretariatet klart å halde auken i grunnbeløpet på eit akseptabelt nivå. Dette skuldast at sekretariatet har fått eit nytt medlem, samt bruk av pensjonsfondet.

For Forsand kommune sin del er grunnbeløpet for 2014 auka med 7.000 kr. Endelig avrekning foretas i hht. vedtektene ved rekneskapsavlegginga.

Revisors budsjettforslag:

Kommunen er medeiger i det interkommunale selskapet Rogaland Revisjon IKS. Budsjettet omfattar utgifter til forvaltningsrevisjon, regnskapsrevisjon, attestasjonar og møter i kontrollutvalet.

Revisjonen har sendt over eit budsjettforslag kor dei har auka timeprisen, slik at denne budsjettposten aukar med 3,6 %.

Kommentar til samla budsjettforslag

Det vises til vedlegg for samla oversikt over budsjettforslaget for 2014. Kommunen betaler meirverdiavgift på kjøp av tenester frå sekretariat og revisor. Desse vert refundert, men då kommunen ikkje delar ut refusjonen på de ulike ansvara, er mva lagt til i budsjettet.

Det vert foreslått eit samla budsjett på kr. 684.000,- inkl. mva. for kontroll og tilsyn for 2013, det er ein reduksjon på 5,8 % sett i forhold til fjorårets forslag frå kontrollutvalet, og kommunestyret sitt vedtekne budsjett for 2013.

FORSLAG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet i Forsand går inn for eit samla budsjetttramme for kontroll og tilsyn for 2014 på kr. 684.000,- inkl. mva.

SANDNES, 25.06.2013

Per Kåre Vatland
Seniorrådgivar

Vedlegg:

[Kontrollutvalet sitt budsjettforslag.](#)

[Saksliste](#)

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og treng difor ikkje signatur.

13/13 Regnskapsoversikt kontroll og tilsyn pr 31. juli 2013

Arkivsak-dok. 13/00144-6
 Arkivkode. 212
 Saksbehandlar. Per Kåre Vatland

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Kontrollutvalet i Forsand	16.09.2013	13/13

Bakgrunn

Kontrollutvalet skal etter føreskrift om kontrollutval § 18 lage fremme forslag til budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i kommunen. Dette fører til at kontrollutvalet òg har ansvar for å fylgje opp rekneskapen på området.

Kontrollutvalet får rapport om rekneskapen normalt kvart tertial, men denne gongen pr 31.07.2013

Saksutgreiing

Rekneskapsoversikten pr 31.07.2013 visar et samla forbruk pr 31.07.2013 på kr 283.948,-, som utgjer 40,8 % av budsjettet.

Når det gjeld utgifter til kontrollutvalet er det hittil i år berre betalt kontingent. Budsjettet for 2013 var sett for høgt når det gjeld godtgjering til politikarane, slik at det vet totalt sette mindreforbruk på denne delen av budsjettet på årsbasis.

Kjøp av tenester frå kontrollutvalsekretariatet visar eit forbruk på 66,7 %. Dette skuldast at kommunen har fått faktura for 2 tertial.

Når det gjeld kjøp av revisjonstenester er det brukt 46,4 % av budsjettet. Dette er noko mindre enn tala til revisjonen viser. Forskjellen utgjer fakturaen for juli, som kommunen ikkje har ført før i august.

FORSLAG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet i Forsand tek rekneskapsoversikt kontroll og tilsyn pr 31. juli 2013 til orientering.

SANDNES, 08.08.2013

Per Kåre Vatland
 Seniorrådgivar

Vedlegg:

[Rekneskapsoversikt kontroll og tilsyn pr 31.juli 2013.](#)

[Saksliste](#)

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og treng difor ikkje signatur.

14/13 Forslag til møteplan for 2014

Arkivsak-dok. 13/00213-4
 Arkivkode. 033
 Saksbehandlar. Per Kåre Vatland

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Kontrollutvalet i Forsand	16.09.2013	14/13

Bakgrunn

Med utgangspunkt i møteplan for 2013 har sekretariatet laga eit forslag til møteplan for 2014. Normalt har kontrollutvalet 4 – 5 møter i året.

Saksutgreiing

Som nemnt har kontrollutvalet normalt 4 – 5 møter i året, 2 – 3 om våren og 2 om hausten. Møtet i juni kan avlysast dersom det er liten saksmengde. Det er òg mogleg å ha ekstra møter om det er behov.

På møtet i april skal kontrollutvalet behandla årsrekneskapen. Dette møtet må difor tilpassast kommunen sin møteplan, då kontrollutvalet si uttale skal innom formannskapet før ho følgjer saka om kommunes årsrekneskap til kommunestyret. I møteplanen har me førebels sette inn 24. april, men dette kan bli endra når kommunen sin møteplan er vedteken. Me vil då gje beskjed om dette så snart me vert kjent med møtedatoane.

Møtedag har til no i år vore måndag, og møtetidspunkt er kl. 13.00. Slik sekretariatet oppfatta utvalet i sist møtet kunne det vore ønskjeleg med endring i både dag og tidspunkt. Difor foreslår sekretariatet å endre dette til torsdagar kl. 09.00. Møtedatoar og tidspunkt skal tilpassast 16 andre utval. Men dersom utvalet ønskjer enn det me har føreslått, vil me strekke oss så langt me kan for å få dette til.

FORSLAG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet i Forsand vedtek følgjande møteplan for 2014:

Dag	Dato	Tidspunkt	Kommentar
Torsdag	30.01.14	09.00	
Torsdag	24.04.14	09.00	
Torsdag	12.06.14	09.00	Går ut dersom få sakar
Torsdag	28.08.14	09.00	
Torsdag	06.11.14	09.00	

SANDNES, 09.09.2013

Per Kåre Vatland
 Seniorrådgivar

[Saksliste](#)

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og trenger ikkje signatur.

15/13 Statusoversikt september 2013

Arkivsak-dok. 13/00087-5
 Arkivkode. 217
 Saksbehandlar. Per Kåre Vatland

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Kontrollutvalet i Forsand	16.09.2013	15/13

Bakgrunn

Statusoversikten er kontrollutvalet sitt verktøy til å fylgje saker som går fleire møter. Dette gjelder forvaltningsrevisjonar og selskapskontrollar som fylgjast frå de vert bestilt og til dei er endeleg følgde opp. Men òg andre type saker som krev oppfølging kan verte tekne med i oversikta. Oversikta vert oppdatert til kvart møte.

Saksutgreiing

Saka skal for det første gje kontrollutvalet oppdatert oversikt over status på dei enkelte sakene. Når saken er ferdigbehandla, vert de ståande slik at utvalet har oversikt over kva som er gjort i perioden.

Under denne saka kan kontrollutvalet òg ta opp spørsmål i tilknytning til sakene. Det vert òg lagt opp til at revisor under denne saken kan gje utvalet orientering om status på prosjekter dei arbeider med, og avklare endringar om dette er nødvendig.

I oversikta er det lagt opp til at rapportane som er bestilt men ikkje levert, vert levert i 2013. Om dette let seg gjere, avhengar av revisjonen sin kapasitet.

Status dette møte:

- Oppfølging av Forvaltningsrevisjonen Anskaffingar er utsett til neste møte

Rapporter i bestilling:

- FR: Barnevern er forventa klar til møtet 11.11.2013.

Rapporter og saker til oppfølging:

- Behandling av FR: Anskaffingar vert følgd opp 11.11.2013..
- SK: Interkommunalt arkiv i Rogaland IKS vert følgd opp 11.11.2013.

FORSLAG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet i Forsand tek statusoversikt september 2013 til orientering.

SANDNES, 25.06.2013

Per Kåre Vatland
 Seniorrådgivar

Vedlegg:

[Statusoversikt kontrollutvalet sine saker september 2013.](#)

[Saksliste](#)

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og trenger ikkje signatur.

16/13 Eigenerklæring om revisor sin uavhengighet

Arkivsak-dok. 13/00179-4
 Arkivkode. 026
 Saksbehandlar. Per Kåre Vatland

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Kontrollutvalet i Forsand	16.09.2013	16/13

Bakgrunn

Etter føreskrifta om revisjon i kommunar og fylkeskommunar § 15, skal oppdragsansvarleg revisor årlig og elles ved behov gje ei skriftleg eigenvurdering om sin uavhengighet, til kontrollutvalet.

Saksutgreiing

Erklæringa frå revisor er en eigenerklæring for oppdragsansvarleg revisors uavhengighet i forhold til Forsand kommune.

Ifølge Kommuneloven § 79 skal den som foretar revisjon for ein kommune ikkje ta oppdrag for kommunen dersom revisor eller revisor sine nærstående har ei slik tilknytning til kommunen at den kan svekka revisor sin uavhengighet og objektivitet. I tillegg seier forskrifta §§ 13 og 14 noko om kva krav som vert stilt til at revisor skal vera uavhengig, og kva avgrensingar som finst for revisor ved gjennomføring av revisjonsoppdraget.

Som det går fram av kommentarane til § 15, stilles det same krav om uavhengighet og objektivitet både til oppdragsansvarleg revisor og til denne sine medarbeidarar. Men kravet om dokumentasjon i forhold til kontrollutvalet (eigenerklæring), gjelder berre oppdragsansvarleg revisor. Erklæringa skal som nemnt gjevast årlig, dersom det ikkje ligg føre tilhøve som gjer at erklæringa må gjevast hyppigare.

Erklæringa vert gitt på revisors eige ansvar og skal ikkje godkjennast av kontrollutvalet, men tas til orientering.

FORSLAG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet i Forsand tek den framlagde uavhengighetserklæringa frå oppdragsansvarleg revisor i Forsand kommune til orientering.

SANDNES, 06.09.2013

Per Kåre Vatland
 Seniorrådgivar

Vedlegg:

[Revisor si uavhengighetserklæring.](#)

[Saksliste](#)

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og trenger ikkje signatur.

17/13 Orientering om overordna revisjonsstrategi 2014

Arkivsak-dok. 13/00179-5
 Arkivkode. 026
 Saksbehandlar. Per Kåre Vatland

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Kontrollutvalet i Forsand	16.09.2013	17/13

Bakgrunn

Etter kommunelovens § 77, 4. ledd skal kontrollutvalet ”påse at kommunens ... regnskaper blir revidert på betryggende måte”. Tilsynet vert gjennomført ved at revisjonen rapporterer til kontrollutvalet på dei ulike trinna i revisjonsprosessen. Rapporteringa dekkjer både planlegging, gjennomføring/oppsummering av arbeidet. I denne omgang vil revisor presentere overordna revisjonsstrategi som viser korleis revisor planlegger årets revisjon.

Saksutgreiing

I følge forskrift om revisjon § 4 og god kommunal revisjonsskikk, skal revisjonen kvart år utarbeide en plan for revisjon av regnskapet. Dette er eit internt dokument som styrer det arbeidet revisor må gjere for å kunne bekrefte rekneskapen. Sidan det er eit internt dokument vert det ikkje utlevert til kontrollutvalet, men revisjonen vil gi en munnleg orientering til utvalet om hovudtrekka. Opplysningar som kjem fram i møtet er unnateke offentleggjering i medhald av Offentleglova § 24.

FORSLAG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet i Forsand tek presentasjonen av overordna revisjonsstrategi 2013 til orientering.

SANDNES, 06.09.2013

Per Kåre Vatland
 Seniorrådgivar

[Saksliste](#)

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og trenger ikkje signatur.

REFERAT-/MELDINGSSAKER

[6/13 Vedrørende besøk ved Forsand kommune den 12.04.2013](#)

Arkivsak-dok. 13/00100-5
Arkivkode. 232
Saksbehandlar. Per Kåre Vatland

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Kontrollutvalet i Forsand	16.09.2013	6/13

[Saksliste](#)